



TOKKE KOMMUNE

## Handlingsplan mot mobbing – personale

Førebygging, avdekking og handsaming av mobbing, trakassering, diskriminering og krenking i Tokke kommune



# Forord:

Tokke kommune har nulltoleranse på mobbing. Mobbing, gjennom krenkjande ord eller handlingar, er uakseptabelt.

Barnehagane og skulane skal ha gode tiltak for å førebyggje og handtere mobbing. For å lukkast med dette arbeidet, er det naudsynt at føresette jobbar mot same visjon; - ingen utanfor. Barnehagen og skulen kan ikkje lukkast i dette arbeidet utan eit tett samarbeid og i felles forståing med føresette. Då må føresette og barn/ungdom ha same «levereglar» i den tida ein ikkje er i barnehagen eller skulen.

Vi som vaksne, har eit felles ansvar å ta tak i mobbing blant barn og ungdom. Dette må vere uavhengig om det skjer i barnehagen/skulen eller på fritida. Det handlar om å bry seg, å ta rolla som vaksen!

Blir barn / ungdom, venner eller medelevar i barnehagen og skulen utsette for mobbing, vil det ikkje under noko omstende vere forhold som kan gje grunnar for handlingar som krenkjar andre.

Ein må akseptere at ein er ulike som individ og at ein opplev ord og handlingar ulikt. Det same gjeld kva ein opplev som krenkjande.

Om mobbing blir avdekt i barnehagen eller skulen, er det leiinga saman med andre tilsette eller utanforståande instansar som handterer saka vidare. Oppvekstsjefen forventar eit tett samarbeid mellom barnehage/skule og heimen i så alvorlege saker, som mobbing er.

Leiinga ved barnehagen og skulen er PLIKTIGE til å vurdere om saka er av ein slik karakter at ho skal rapporterast til andre instansar.

Gjennom barnehagen og skulen skal vi sikre; EIN GOD BARNDOM SOM DU VIL HA MED DEG RESTEN AV LIVET.

Ein øydelagt barndom kan gje den einskilde vanskar som vaksen.

Barnehagen og skulen i Tokke skal gjere barn og ungdom rusta til å møte framtida både fagleg og sosialt, då skal alle ha ein trygg og god oppvekst.

Barnehagen og skulen i Tokke ønskjer å gje barn og ungdom kunnskap om sosial kompetanse. Dette kan t.d. bidra til at barn tek omsyn og ivaretak kvarandre.

*Oppvekstsjefen*

*Ingen utanfor  
- eit læringsmiljø utan mobbing*

## DEFINISJONAR:

### MOBBING:

Fysisk eller sosiale negative handlingar som skjer mange gonger over tid av ein person eller fleire saman, og som rettast mot ein som ikkje kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen. Det er ofte eit skjevt maktforhold mellom dei som mobbar og dei som blir mobba..

### TRAKASERING:

Handlingar, utelatingar eller ytringar som verkar eller har til formål å verke krenkjande, skremmande, fiendtlege, nedverdigande eller audmjkukande.

### DISKRIMINERING:

Forskjellbehandling, blant anna på bakgrunn av kjønn, etnesitet, religion, seksuell legning o. l. (jf. diskrimineringslova)

### KRENKINGAR:

Eit samleomgrep for ord eller handlingar der ein persons verdighet eller integritet blir krenka. Eit samleomgrep for blant anna mobbing, trakassering og diskriminering.

## Tiltak som førebyggjer mobbing, trakassering, diskriminering og krenkingar

Tiltak	Skildring av tiltaket	Når	Ansvar
Innføre STOPP – reglar	<p>Når nokon gjer noko mot meg som eg ikkje likar, skal eg seie <b>"STOPP"</b>.</p> <p>Eg skal seie <b>"STOPP"</b> når andre vert plaga.</p> <p>Eg skal respektere at andre seier <b>"STOPP"</b>.</p> <p>Dersom barnet skal nytte <b>STOPP</b> – reglane, treng dei hjelp av vaksne.</p> <p>Dei vaksne spør etter situasjonar kor <b>STOPP</b> – reglane har vore i bruk.</p> <p>Fokus på positive opplevingar.</p>	Dagleg	Alle
Tre til seks trivsels- og ordens-reglar.	Barnehagen og skule skal utarbeide tre til seks trivselsreglar. Trivselsreglane skal visualiserast og synleggjera for alle (oppslag).	Evaluert ast årleg	Styrar Rektor
	Det er styrar i barnehagen og rektor på skulen sitt ansvar at både barn, foreldre og tilsette blir kjende med reglane og at dei fungerer teneleg.	Dagleg	Alle
	Kvar barnehage og skule må ha rutinar for at dette blir følgd opp.	Årleg	Styrar Rektor
Einskapleg tilsyn	Det skal utøvast einskapleg tilsyn i all uteleik og alle friminutt med lik handheving av reglar. Det skal praktiserast likt i handtering av ulike utfordringar.	Årleg, septem- ber	Styrar Rektor

Tiltak	Skildring av tiltaket	Når	Ansvar
<b>Etiske problemstillingar som tema på foreldremøte</b>	Det sosiale miljøet i kvar barnehage og skule skal være eit sjølvsagt punkt på sakslista til kvart foreldremøte.	Hausten og våren	Ped.leiar Kontakt-lærar
	Det første foreldremøtet i nytt barnehage- og skuleår skal brukast til informasjon. Ped.leiar og kontaktlærar har ansvar for å setje av tid til drøfting av etiske problemstillingar når det er behov for dette. Problemstillingane som jobbast med, kan omfatte tema som inkludering, mobbing, samarbeid, samhandling og vald i nære relasjoner.	Hausten	Ped.leiar Kontakt-lærar
<b>Sosiale arrangement for å fremje vi-kjensla i gruppa/klassen</b>	Kvar barnehage og skule må ha planfesta i årshjulet ulike fellesarrangement for å styrke gruppelihøyrla. Til dømes felles turar, sosiale møtekveldar og liknande.	Gjennom året	Leiing og alle tilsette
	Foreldregruppa <u>skal</u> arrangere to sosiale arrangement for barna i løpet av skule – og barnehageåret.	Haust og vår	Foreldrere presentant / Klassekontaktane
<b>Byggje relasjoner til elevane og mellom elevane</b>	Vaksne har eit hovudansvar for å gjere sitt til å byggje gode relasjoner til barna/elevane	Dagleg	Alle tilsette
	Tema i gruppene og klassene – gje barna/elevane kunnskap i relasjonskompetanse	Gjennom året	Ped. leiar og kontakt-lærar
<b>Avdeling og klasseleiing</b>	Proaktiv leiing/klasseleiing, der ein skal sikre at barnehagens/skulens trivnad- og ordensreglement blir følgd.	Dagleg	Alle tilsette
<b>Arbeid med sosial kompetanse</b>	Alle barnehagar og skular må forplikta seg til å sikre eit systematisk fokus og arbeid med sosial kompetanse. Skulane må skriftleg gjere greie for korleis dei jobbar med sosiale kompetanse i skulens årshjul. Barnehagane må skriftleg gjere greie for korleis dei jobbar med barns sosiale kompetanse i årsplanen til barnehagen. Miljøet barna skapar seg imellom, og korleis kvar einskild er mot andre skal vere eit stadig tilbakevendande tema i barnehage og skule.	Dagleg	Styrar Rektor
<b>Barne-, elev- og foreldre-samtaler</b>	Sosiale tilhøve skal være eit av tema i desse samtalene.	Gjennom året	Alle tilsette som gjennomfører desse samtalene

# **Avdekking av mobbing. Observasjon og "diagnosering"**

Alle som jobbar i Tokkes barnehagar og skular, er pliktige til å ta mobbing på alvor. Dersom ein har mistanke om at mobbing skjer, skal ein melde i frå og ta tak i situasjonen.

Nedanfor er det utarbeida prosedyrar for å avdekke det som kan vere mobbing.

I tillegg til desse prosedyrane, formulerast ansvaret dei ulike aktørane har i denne samanhengen. Aktuelle aktørar kan være; pedagogisk personell, fagarbeidrarar/ assistenter, helsestyster, leiarar, andre tilsette, elevar og foreldre.

## **Kjenneteikn på mobbing hos barn**

- Barnet kan opplevast som deprimera
- Barnet kan opplevast å vantrivast. Er mykje aleine og har få venner
- Barnet kan vere uroleg, uoppmerksam og kan syne aggressivitet ved konfliktar
- Barnet kan ha mykje fråvær
- Barnet kan ha vanskeleg for å forstå sosiale kodar, slit gjerne med å bli akseptera både innanfor og utanfor barnehagen eller skulen
- Barnet har fysiske plager

## **Tiltak som kan undersøke og kartlegge omfanget av mobbing.**

- Mobbing og trivsel er fastsett tema på elevsamtal og utviklingssamtaler. Desse samtalene skal gjennomførast to gonger i året
- Kvart tredje år skal ein ha brukarundersøkingar eller kartleggingar for barnehage og skule
- Elevundersøking i regi av UDIR, skal 7. og 10. klasse gjennomføre ” kvart år
- Resultata frå dei ulike undersøkingane skal informerast om i skulens samarbeidsutval (SU), skulemiljøutval og FAU
- Resultata må takast opp også i klassene, elevrådet og FAU
- Skulemiljøutval har mobbing og trivsel som fast tema
- Fokus på gode og trygge overgangar mellom barnehage – skule
- Ha stort fokus på typiske arenaer der ein kan avdekke mobbing.

Til dømes:

- i garderoben
- i praktisk-estetiske fag
- på skulebussen
- i friminutta

## **Tilsyn i uteleik i barnehage og friminutta i skulane**

For å avdekke uønska åtferd er det viktig å ha gode rutinar ved tilsyn i uteleik og friminutta.

### **Alle barn er alle sitt ansvar.**

Barna skal erfare at dei blir tatt på alvor. Dei tilsette må ha ei felles handtering av uønska åtferd blant barna. Dei tilsette må konsekvent følgje opp reglane barnehagen eller skulen er samd om. Dei som ikkje har tilsyn, skal alltid reagere på uønska åtferd og melde i frå om naudsynt.

Alle må praktisere nulltoleranse for mobbing.

## **Kommunikasjon mellom barnehage, skule, barn og føresette**

For å avdekke mobbing er vi avhengig av eit godt samarbeid og ein god kommunikasjon mellom dei tilsette, med barna, heimen og eventuelle andre. Føresette er barnehage og skulen sine viktigaste samarbeidspartnarar for å hindre mobbing.

### **Dersom ein har mistanke om at mobbing skjer**

Tokke kommune har eigne prosedyrar når mistanke om mobbing er til stades.

Alle meldingar om mobbing skal handsamast etter retningslinjene nemnt nedanfor:

- Informasjonsinnhenting gjennom observasjon.

Alle tilsette som oppdagar, har misstanke til eller får tilbakemelding om mobbing, må snarast undersøkje saka vidare og eventuelt sjølv gripe inn. Leiinga skal varslast.

Det er viktig at ein gjer observasjonane skriftleg.

Observasjon kan være knytt til friminuttsåtferd og –aktivitetar, undervisningssituasjonar og/eller overgangssituasjonar.

Ansvarleg er: Alle tilsette.

- Informasjonsinnhenting gjennom samtale med antatt offer.

Denne samtala bør kontaktlærar eller annan nær vaksenperson gjennomføre.

Føresette skal informerast om samtala.

Ansvarleg er: Kontaktlærar og sosiallærar.

- Informasjonsinnhenting gjennom samtaler med andre.

Disse samtalene bør kontaktlærar eller annan nær vaksenperson gjennomføre.

"Andre" kan vere elevar, lærarar, miljøarbeidarar, assistenter eller helsestyrer.

Føresette til innvolvera elevar skal informerast om samtalene.

Ansvarleg er: Kontaktlærar og sosiallærar.

- Bruke andre kartleggingsverktøy for å avdekke mobbing i skule.

Til dømes: "Innblikk".

Ansvarleg er: Kontaktlærar og sosiallærar.

### **Avdekking av mobbing. Ansvar og rutinar**

Barnehagane og skulane i Tokke, skal så tidleg som råd avdekke når mobbing skjer gjennom god kommunikasjon mellom dei tilsette og barna, mellom tilsette og føresette, klassekontaktar, pedagogiske leiarar og mellom styrar, rektor og andre i barnehage – skule – og nærmiljøet.

Rektor skal:

- syte for at skulen si trivselsundersøking blir gjennomført kvar haust.
- syte for at elevundersøkinga og foreldreundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet blir gjennomført.
- syte for etterarbeid kring resultata frå trivselsundersøkinga, elevundersøkinga og foreldreundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet.
- handsame eventuelle klager på tilsette ved skulen vedrørande mobbing.

#### Kontaktlærar skal :

- tidleg i skuleåret gjennomføre skulens trivselsundersøking i klassen, og bevisst bruke elevsamtaler og foreldrekontakt for å avdekke mobbing.
- gjennomføre elevundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet med si klasse frå 5. klasse og oppover.
- samarbeide med skulehelsetenesta.

#### Alle tilsette i barnehagen og skulen skal:

- uansett tid og stad gripe inn når ein oppdagar at mobbing skjer eller misstanke til at mobbing skjer. Varsel skal utan ugrunna opphold gjevast styrar/rektor – varsling skjer etter prosedyre 1 i kommunens «Rutiner i forbindelse med opplæringslova kapittel 9 a». Rektor/styrar informerar kontaktlærar/ped. leiar.
- utføre vaktpliktene sine punktleg og samvitsfullt.
- minne ein kollega som har gløymt si vaktplikt om denne.

#### Barna skal:

- ta kontakt med føresette, kontaktlærar, rektor, skulehelsetenesta eller klasseforeldrekontakt dersom han eller ho vert mobba.
- ta kontakt med kontaktlærar dersom ein medelev blir mobba.

#### Føresette skal:

- ta kontakt med kontaktlærar, pedagogisk leiar eller rektor og styrar dersom dei mistenkjer at barna deira vantrivst eller føler seg plaga.
- ta kontakt med kontaktlærar, pedagogisk leiar eller rektor og styrar dersom dei mistenkjer at andre sine barn blir utesengde eller plaga.

## Handsaming av mobbing

#### Rutinar for mobbesaker.

Dersom eit barn melder i frå om mobbing, skal styrar/ rektor straks varslast. Saka blir drøfta mellom pedagogisk leiar og styrar, eller kontaktlærar, sosiallærar og rektor.

I skulen skal skjema for melding av mobbesaker bli utfylt i OPPAD sikker arbeidsflyt. I barnehagen skal dokumentasjonen leggast inn i «ephorte».

Føresette skal kontaktast og bli orientera om saka, samt at det skal fattast eit enkeltvedtak. Ved vidare oppfølging av tiltaksplan skal føresette haldast orientert.

Den eller dei som har vore utsette for mobbing og den eller dei som har utført mobbinga, har samtale kvar for seg med kontaktlærar, sosiallærar eller rektor. Føresette blir kalla inn til samtale med leiinga iskulen.

Avhengig av kven som har ansvaret for å følgje opp saka. I skulen skal det skal lagast ein plan for oppfølging av saka med dei impliserte partane.

Heile personalgruppa i barnehagen eller ved skulen skal vere spesielt merksame på at mobbing kan førekome og gjev utan ugrunna opphold melding til styrar/rektor.

Meldingar frå barn, føresette, pårørande eller andre skal bli registrera i OPPAD sikker arbeidsflyt eller «ephorte» og handsamast vidare av leiinga (eller delegerast).

All mobbing som blir registrera eller meldt skal handsamast.

Foreldre, både i barnehage og skule skal alltid informerast om at deira barn er involvera i ei mobbesak. Føresette vil bli kalla inn til møte saman med eleven.



## **Tiltak for handsaming av mobbing i skulen**

### **Tiltak 1:**

#### Ved første gong eller ved ei mindre alvorleg hending.

Dei involvera partar skal inn til samtale med kontaktlærar, sosiallærar og/eller rektor.

I samtala skal det:

- gjerast klart at dette er uakseptabel oppførsel.
- presiserast overfor eleven at han eller ho er observera i å utføre uønska åtferd.
- refererast til konkrete hendingar.
- alvoret skal tydeleggjera.
- appellerast til at mobbaren går inn i eit forpliktande samarbeid med mål om å få slutt på mobbinga.
- lagast ei tidsfesta avtale.

Dei implisera føresette til elevane skal bli kontakta og informera om avtala.

### **Tiltak 2:**

#### Ved andre gong eller ei alvorleg hending.

Ved all grov og/eller gjentatt mobbing skal dei impliserte partane innkallast til konfrontasjonsmøte.

Rektor har ansvaret for å kalle inn.

Dei involvera partar skal inn til samtale med kontaktlærar, rektor og sosiallærar.

Rektor har ansvar for å kalle inn til eit møte mellom rektor, kontaktlærar, mobbar med føresette og mobbeoffer med føresette, der det utarbeidast ei kontrakt mellom mobbar og skulen.

Dei implisera elevanes føresette kontaktast og informerast om avtala. Det skal gjevast naudsynt vern mot ny trakkassering og settast inn ekstra tilsyn. Det skal i tillegg loggførast korleis tiltaka verkar.

Det er kontaktlærar som er ansvarleg for å følgje opp og sjå til at kontrakta blir oppfylt. Ved brot på kontrakta avgjer rektor i samråd med sosiallærar og kontaktlærar vidarebehandling.

Rektor kallar inn til ei evalueringssamtale som oppfølging av kontrakta.

### **Kontrakt mellom mobbar og skulen:**

Det skal utarbeidast etter mal i OPPAD sikker arbeidsflyt.

Kontrakt og referat frå evalueringssamtala og eventuelt ein oppfølgingsplan skal registreras i OPPAD sikker arbeidsflyt.

### **Aktuelle tiltak ein kan vurdere:**

- følgje til og frå skule.
- ekstra tilsyn i friminutta
- bortfall frå friminutt
- utføre ulike arbeidsoppgåver
- mobbaren må sitte ved administrasjonskontora i friminutta
- mobbaren må kome og gå før eller etter skuletid
- bytte av skule

## **Hjelp til mobbeoffer:**

- Offer for mobbing skal få tilbod om personleg samtale med kontaktlærar, sosiallærar, og/eller helseyster så snart som råd
- I samråd med kontaktlærar, rektor og sosiallærar bestemmer ein korleis ein skal jobbe med saka
- Det skal bli gitt naudsynt informasjon til kollegiet
- Det skal hentast informasjon frå til dømes andre lærarar og føresette
- Skulen skal kartlegge kva som har skjedd, kor ofte det har skjedd, kven som mobbar, kor mobbinga skjer og korleis offeret sjølv opptrer i slike situasjonar. Skulen skal og kartlegge venneforhold eller støttespelarar
- Kontaktlærar skal snakke med offer for mobbing kvar dag og spørje korleis det går
- Oppfølgingssamtale med mobbaren eller mobbarane innan to dagar.
- Evalueringssamtale med mobbeoffer og mobbar eller mobbarar. Separat.

## **Etterarbeid og oppfølging av mobbesakar**

I samband med tiltaksplan ved mobbing eller ved alvorlege eingongshøve skal det vere ei oppfølgingssamtale med dei involvera partane.

Elevkontrakta er utgangspunktet for samtala og ytterlegare konsekvensar må vurderast dersom denne ikkje er oppfylt.

Evalueringssamtala kjem i tillegg til "det ekstra auget" og den daglege kontakten mellom elevane og kontaktlærarar.